

Notat

Frå: Fylkesdirektør for næring/fylkesdirektør for kultur

Til: Hovudutval for næring og kultur

Saksmengda i hovudutval for næring og kultur

Dette notatet er ei oppfølging av munnleg orientering til hovudutvalet i februar-møtet om saksmengda i hovudutvalet.

Delegeringsreglementet

Fylkesrådmannen har varsla ein revisjon av delegeringsreglementet på tingseta i juni 2016. Fylkesdirektørane går no gjennom delegeringsreglementet i lys av det behovet vi ser for å redusere saksmengda til hovudutvalet.

Etter ein gjennomgang av delegeringsreglementet konstaterer fylkesdirektørane følgjande:

- Det må gjerast nokre endringar som følgje av endring i utvalsstruktur og avdelingsstruktur
- Det vil vere stor saksmengde i hovudutvalet, med mindre meir vert delegert til administrasjonen
- Det må drøftast om fleire saker kan få si endelege behandling i hovudutvalet, utan å gå vidare til fylkesutvalet

Arbeidsdelinga mellom fylkesutval, hovudutval og administrasjonen vert å kome attende til gjennom nemnde revisjon av delegeringsreglementet.

Budsjettreglementet

Budsjettreglementet står fremst i «Budsjett 2016, Økonomiplan 2016 – 19». Slik vi vurderer det er det i stor grad her utvalet har høve til å delegere saker til administrasjonen. Fylkesdirektøren for næring og kultur vil kome tilbake til denne saka ved oppstart av budsjettarbeidet for 2017.